

DIREKTIV TIL DISTRIKTSSTYRER SOM ER ANSVARLIG FOR BUDDISTRIBUSJON
OM "INSTRUKS TIL BUDSJEFANE OM HANDSAMING AV ABBONENTLISTENE".

- 1) DS er ansvarlig for at instruksen blir gjennomført og at sikkerheten blir overholdt.
- 2) Der et buddistrikt er inndelt i flere mindre områder med egne budsjefer, må listene deles opp og distribueres ut til de lokale budsjefer som driver inn korrigeringer av listene fra budene.
- 3) DS må drive inn korrigererte lister slik at ei fullstendig korrigert liste kan retutneres til sentralt innen medio mars.
- 4) DS må gi budjefene frister for inndriving av korrigererte lister som gjør det mulig å overholde denne fristen.

Januar -79,
SKAU.

INSTRUKS TIL BUDSJEFANE OM HANDSAMING AV ABONNENTLISTENE

1. I dag er det ikkje samsvar mellom det sentrale arkivet og budlistene de distribuerar avisa etter. Det finst abonnentar som har betalt som ikkje får avisa og det er abonnentar som framleis får avisa som ikkje har betalt. Det er abonnentar som har flytta, registrert med feil adresse osv.

Gjennomføringa av denne instruksjonen skal rette på dette.

Samstundes held vi på med å lage eit betre opplegg for kommunikasjon mellom buddistrikta og sentraldistribusjonen som skal lette informasjonen slik at endringar i abonnentregistret kan gå snøggare.

Vi vonar at de gjer arbeidet med korrigeringa grundig og snøgt. Det er ein særskild viktig del av kampanjen for å berge Klassekampen som dagsavis.

2. Budsjeffane må handsame desse listene på ein tryggingmessig forsvarleg måte. Kjem listene i urette hender så er det det same som å utlevere eit komplett namnearkiv over størstedelen av den progressive rørsla på staden.

De må skaffe dykk mapper til å oppbevare listene så dei ikkje flyter rundt som lause lappar og sånn at seinere korrigeringar av lista kan verte lagt ved.

BUDSJEFEN SKAL IKKJE LEVERE FRÅ SEG LISTA ELLER DELER AV LISTA TIL ANDRE ENN LOKALE BUDSJEFAR. BUDSJEFANE SKAL PERSONLEG OPPSØKJE BUDA ELLER SAMLE INN BUDLISTENE FOR Å KORRIGERE LISTA I SAMSVAR MED DEI LOKALE BUDLISTENE.

3. De får tilsendt to kopiar av abonnentlistene frå det sentrale arkivet. Begge skal korrigerast etter instruksjonen nedafor. Den eine lista skal de returnera til oss etter nærare instruks og dei fristane som er sett. Den andre skal de taka vare på og nytta i distribusjonsarbeidet. På bakgrunn av dei korrigeringane som kjem inn vil de få utlevert ei ny korrigert liste. Da skal den gamle lista makulerast på forsvarleg vis.

4. Forklaring av lista

Alle opplysningar om ein abonnent står på ei linje. (På nokre abonnentar står det andre opplysningar som t.d. "ikkje betalt" på linja under. Desse opplysningane skal de ikkje bry dykk om).

Heilt til venstre på linja står abonnentnummeret til abonnenten. Deretter står namn, adresse, postnummer og stad. Deretter står forfallsdato (FFDATO). Det vil seie den dagen abonnenten går/gikk ut.

Deretter står betalingskode (BTKO). Betalingskoden kan anten vere ****, BET, REKN, PURR eller STOP. **** og BET betyr at abonnenten har betalt. REKN betyr at abonnenten har fått tilsendt ei rekning. PURR betyr at abonnenten har fått tilsendt rekning nummer to.

Har ein abonnent koden STOP som betalingskode betyr det at han/ho ikkje skal ha avisa ifølgje vårt arkiv.

Vidare står abonnementslengde (ABL). Den kan vere ÅR (årsabonnement), HALV (halvårsabonnement), KVT (kvartalsabonnement), MND (månadsabonnement) eller TILB (tilbudsabonnement).

Deretter står avistype (AVIS). DAG betyr dagsavis, VEKE betyr vekeavis (lørdagsavisa).

Deretter står forsendingsveg (FORSVEI). Dette er ein kode som skiljer budabonnentar frå postabonnentar. På lista dykkar skal det stå tallet 20 og dei fire første bokstavene i buddistriksnamnet.

Deretter står antall aviser (ANT) abonnenten skal ha.

Til slutt står abonnentens status (STAT). Står det VANL i denne rubrikken skal abonnenten ha avisa, dersom det ikkje står STOP i betalingskoden. Står det OPPS betyr det at abonnenten er oppsagt og skal ikkje ha avisa. uansett kva som står i betalingskoden. Står det MSTP, betyr det at abonnenten har bede om ein midlertidig stopp i abonnementet sitt. Står det MADR betyr det at adressa til abonnenten berre er midlertidig. T.d. ferieadresse.

Studer denne forklaringa og lær ho. Alle listene de får frå oss seinare vil sjå ut som denne.

5. Instruks for korrigerering av lista

a. På lista skal de rette følgjande:

- feil i namn, adresse eller poststad. Stryk ut det som er feil og skriv det rette rett over.

- merk av dobbeltregistreringar, dvs. abonnentar som står oppført to gonger, men som berre skal ha ei avis.

b. merk av abonnentar som de ifølgje vårt arkiv skulle levere til, men som de ikkje leverer til. Skriv grunnen til at de ikkje leverer, t.d. "flytta", "oppsagt", "død" ol. Dersom det ikkje finst nokon grunn så start leveringa med ein gong.

c. Lag ei eiga liste over abonnentar som de leverer til, men som ikkje står på lista. Her må vi ha namn og adresse og helst abonnementslengde, om det er dagsavis eller vekeavis og kor lenge det er betalt for, viss det er mogleg å innhente dei opplysningane.

d. Alle abonnentar som har betalingskode STOP skal de stoppe levering til umiddelbart, dersom de ikkje er skråsikre på at dei har betalt.

Deretter skal de oppsøkje dei for om mogleg få dei til å forlenge abonnementet sitt. Helst vil vi at dei skal betale for den perioden dei har fått avisa og ikkje betalt for. Dersom dei ikkje skal ha avisa, treng de ikkje kontakte oss. Dersom de av ein eller annan grunn likevel held fram med levering, eller abonnenten vil forlenge abonnementet sitt, så kontakt oss slik at vi kan sende ny rekning til dei. Det kan gjerast over telefon. Då seier de berre abonnementsnummer og opplyser om kva for rekning abonnenten skal ha. Dersom ein tidligere abonnent teiknar nytt abonnement og han/ho står på lista kan de og bruke telefonen og opplyse abonnementsnummeret, frå kva for ein dato dykk startar levering og for kor lenge abonnenten vil betale.

Lukke til med arbeidet. Gjer de ein god jobb no så vil mange feil i arkivet verte retta opp, distribusjonsarbeidet vil verte betre og vi vil kunne gjere ein betre jobb andsynes abonnentane.

Med helsing distribusjonen

Oslo, januar 1979

INSTRUKS TIL DISTRIKSSTYRER OG LAGSSTYRER OM BRUK AV ABONNENTLISTENE

1. Abonnentlistene blir sendt ut for at partilaga kan bruke listene til planlegging av regelmessig oppfølging av abonnenter som skal fornye abonnementet sitt. Listene inneholder alle nødvendige opplysninger for en slik oppfølging.

Partilaga skal gå gjennom lista og vurdere hvordan de vil drive oppsøking av abonnenter ved forfall for å sikre fornying.

Abbonenter som ikke har betalt eller har sagt opp avisa bør planmessig oppsøkes for å forsøke å verve dem som abonnenter igjen.

2. Avdelingsstyrene må behandle listene på en forsvarlig sikkerhetsmessig måte. Avdelingsstyrene må skaffe seg en mappe til å oppbevare listene så de ikke flyter rundt som løse lapper. Styret skal ikke levere fra seg listene, men gi beskjed om hvem som skal oppsøkes.

Kommer listene i urette hender så er det det samme som å utlevere et komplett navne arkiv over størstedelen av den progressive bevegelsen på stedet.

3. Dersom styret oppdager feil på listene må de sende beskjed til Klassekampens distribusjon sånn at arkivet kan bli retta opp. Dersom opplysningene er av en sånn karakter at de kan opplyses over telefon kan dere oppgi abonnentnummeret for å identifisere abonnenten.

FORKLARING AV LISTA

4: Alle opplysninger om en abonnent står på en linje. (på noen abonnenter står det også noen opplysninger som f.eks. "ikke betalt" på linja under. Disse opplysningene skal dere ikke bry dere om).

Helt til venstre på linja står abonnentens abonnentnummer.

Deretter står navn, adresse, postnummer og sted.

Deretter står forfallsdato. Det vil si den dagen abonnementet går/gikk ut.

Deretter står betalingskode (BTKO). Betalingskoden kan være , BET, REKN, PURR eller STOP. og BET betyr at abonnenten har betalt. REKN betyr at abonnenten har fått første rekning tilsendt. PURR betyr at abonnenten har fått andre rekning tilsendt. STOP betyr at abonnenten ikke lenger får avisa ifølge vårt arkiv.

Videre står abonnementslengde (ABL). Den kan være ÅR (årsabonnement), HALV (haåvårsabonnement), KVT (kvartalsabonnement), MND (månedabonnement) eller TILB (tilbudsabonnement).

Deretter står avistype (AVIS). DAG betyr dagsavis, VEKE betyr ukeavis (lørdagsnummeret).

Deretter står forsendelsesveg (FORSVEI). Dette er en kode som skiller budabonnenter fra postabonnenter. Postabonnenter begynner med talla 00 og firebokstaver. Budabonnenter begynner med tallet 20.

Deretter står hvor mange aviser abonnenten skal ha (ANT).

Til slutt står abonnentens status (STAT). Står det VANL i denne rubrikken så skal abonnenten ha avisa, dersom det ikke står STOP i betalingskoden. Står det OPSS betyr det at abonnenten er oppsagt og får ikke avisa, uansett hva som står i betalingskoden. Står det MSTP, betyr det at abonnenten har bedt om midlertidig stopp i leveringa. Står det MADR, betyr det at adressen til abonnenten bare er midlertidig. F.eks. ferieadresse.

Studer denne forklaringa og lær den. Lister som dere får tilsendt seinere vil se ut som denne.

Januar 1979

Kameratslig hilsen,
på oppdrag av SKAU,
Distribusjonen.